

Innspel på verneforslaget av Galdane

Styret i Kongevegbedrifter Filefjell SA stiller seg positiv til vern av Galdane som naturreservat, med følgjande innspel:

1) Statsforvaltaren bør, i samarbeid med tilstøytande grunneigarar, sjå på moglegheten for å utvide verneområdet til å gjelde heile Galdane-sida av elva, frå Sjurhaugen til E16 ved Selto.

2) Det er særskilt viktig at det blir teke omsyn til at Kongevegen skal brukast av store mengder vandrande årleg. Teljingar syner at 66 000 personar går på ulike delar av Kongevegen (2020):

- Kongevegen i Galdane er ikkje ferdig restaurert. Områda som ikkje er ferdig må ikkje «frysast» ved vernetidspunktet. Vegen må få restaurerast/byggast vidare.
- Det må vere lov til å setje opp toalett langs Kongevegen i Galdane.
- Skjøtsel. I dag er den ordna slik at det om våren skal klippast i midten av vegbana for å ta omsyn til blomstringa. Frå 15. august skal det klippast heilt ut til kantane/stabbe-steinane/muren. Dette kan vere øydeleggjande for Kongevegen. Klipping berre i midten fører til at folk går i midten, og med dei store folkemengdene som no brukar vegen får me eit far i midten som kan forringa vegbana. Med auka regnmengder pga. klimaendringane fører dette til at vatnet tek same faret og me får djupe spor og søkk i midten av vegbana, som øydelegg kulturminnet. Dersom denne skjøtselordninga skal halde fram, må det klippast eit breiare belte i midten av vegen om våren, som gjer at det står att eit mindre belte til blomstring på begge sider i vegbana enn i dag. Frå cirka 15. august må det framleis klippast heilt ut. Det blomstrer "over alt" på begge sider av vegkroppen og i store deler Galdane-området ellers, noko som bør vere tilstrekkeleg. Viser til paragraf 4, punkt G.
- Det må framleis vere lov til å fjerne vegetasjon (tre, busker, kratt) utanfor vegkroppen til Kongevegen, for å få fram murar, stabbesteinlar, vegløp og vegens siktlinjer. Det må framleis vere lov til å rydde vegetasjon slik at husmannsplassen «Glorhelleren» blir synleg med alle sine hustufter, gamle åkrer, slåttemarker og det som tilhørde drifta den gongen. Kongevegen går tvers gjennom tunet her.
- Det må framleis vere lov å rydde vegetasjon fram til enkeltanlegg som ligg opp til 10-15 meters avstand frå vegkroppen. Dette gjeld historiske anlegg som natur- eller



menneskeskapte anlegg for husdyrhald, stadar for dusj og klesvask, overnattingsplassar under steinar og hedlerar, tyske forsvarsanlegg, bunkerar og ammunisjonsholer i fjellet, sti til utsiktpunkt o.l. Kongevegen er eit særmerkt kulturminne og Galdane er eit viktig formidlingsområde for lokal, regional og nasjonal kulturhistorie. Desse anlegga bør inkluderast i «større arrangement» i paragraf 3, punkt D.

I volum er Kongevegbedrifter og aktivitetane til bedriftsnettverket «Kongevegen over Filefjell» den største brukaren av området «Galdane». Me ber om at det blir halde synfaring i området og at me blir invitert til denne synfaringa.

Lærdal 23.10.2023

Knut H. Maristuen
-styreleiar-

Odd Helge Brugrand
-dagleg leiar-



Kongevegbedrifter Filefjell SA
Ellingsbøvegen 105
2975 Vang i Valdres

www.visitkongevegen.no
info@visitkongevegen.no

Org.nr.: 918 332 723
Tlf.: (+47) 400 65 069



Statsforvaltaren i Vestland
Maria Knagenhjelm

Dykkar ref.
2022/16759

Vår ref.
20/41-71/KES

Dato
26.10.2023

Lærdal kommune – namn på eit nytt skogvernområde

Me syner til eit brev som Maria Knagenhjelm hjå Statsforvaltaren i Vestland skreiv til Språkrådet og til andre høyringspartar 5. oktober i år.

I den aktuelle oppstartsmeldinga er det orientert om at det skogvernområdet som det er tale om i denne saka, ligg på bruk 1 på gardsnummer 48. I SSR er denne garden registrert med namneforma *Nedre Øygarden* som prioritert form. (I tillegg er *Øygarden*, *nedre* registrert som ein ikkje-prioritert skrivemåte.) Me kan ikkje sjå at namnet *Galdane* er registrert som namn på ein del av gardsnummer 48. I SSR er namneforma *Galdane* førd opp som namn på gardsnummer 1. Blant gardane på nordsida av Lærdalselvi er gardsnummer 1 den garden som ligg nærmast nedom gardsnummer 48. Me tilrar at verneområdet får namnet **Nedre Øygarden naturreservat**.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:
Statsforvaltaren i Vestland

Postadresse	Besøksadresse	Sentralbord	E-post	Organisasjonsnummer
Postboks 1573 Vika NO-0118 Oslo	Observatoriegata 1 B NO-0254 Oslo	+47 22 54 19 50	post@sprakradet.no Internett www.sprakradet.no	971 527 404

Kopi til:

Kartverket

Postboks 600
Sentrum

3507

HØNEFOSS

Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 31.10.2023
Vår referanse: 23/59663 - 2
Deres dato: 03.10.2023
Deres referanse: 2022/16759

Uttalelse til oppstart av frivillig vern av skog - Galdane i Lærdal kommune

Vi viser til dykker brev av 5.10.2023 med melding om oppstart av prosess for verneplan for Galdane naturreservat i Lærdal kommune.

Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.

Grundig beskriving av området

Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmande):

- Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal
- Traktorveg i samband med jordbruk
- Støl/seterområde
- Beite
- Reindrift

Utforming av forskrift

Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Fylkesmannen vurdere om det kan bli gitt føresegns om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngjeving for dette i høyringsdokumenta.

Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifa kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegns for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.

For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegns om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Vi går ut frå at Fylkesmannen sin landbruks- og reindriftsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Fredrik Vaadal
rådgiver

Mottakere:
Statsforvaltaren I Vestland



Felles Landbrukskontor ÅLA

Lærdal, 31.10.2023

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

,

Vår ref.
23/941-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Magnhild Aspevik, 57 64 12 00

Arkiv
K2-V70

Frivillig skogvern - Galdane - uttale frå Lærdal kommune

Syner til skriv frå Statsforvaltaren i Vestland, om oppstart av frivillig skogvern for Galdane i Lærdal kommune.

Lærdal kommune er positive til oppstart av verneprosess for Galdane Naturreservat. I samband med verneprosessen, er det viktig å få kartlagt følger det planlagde vernet får for dei ulike interessene i området.

Framlegg til Galdane naturreservat, vert lagt fram for politisk handsaming i samband med høyringsprosessen.

Dersom det er ynskjeleg, kan Lærdal kommune bidra undervegs i planarbeidet. Ta i so fall kontakt med underteikna.

Med helsing

Magnhild Aspevik
landbruksjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Arne Kristian Borger
Monika Lysne



Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Kurt Kåre Skagen / 57655796

Vår referanse:
23/185329-2

Dykkar referanse:
2022/16759

Vår dato:
06.11.2023

Uttale – Frivillig skogvern for Galdane – Lærdal kommune – Vestland

Vi viser til brev datert 05.10.23.

Det er planlagt frivillige skogvern ved Galdane i Lærdal kommune. Den gamle kongevegen går gjennom verneområdet. Vi er positive til skogvern, men ønskjer eit par presiseringar knytt til vedlikehald av Kongevegen.

Kongevegen er freda etter Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar kap. 29 Freda eigedomar i landsverneplan for Statens vegvesen – veganlegg, jfr. § 22 a i Kulturminnelova. Til fredinga knyter det seg eigne fredingsbestemmelser – sjå <https://lovdata.no/static/SF/sf-20111109-1088-k29-25-01.pdf?timestamp=1697328105276>. Fredinga skal sikre og bevare vegprofilet med over- og underbygging inklusiv vegbreidde og murer.

I verneforskrifta § 4-f. ber vi om at teksten blir endra til følgjande: *Vedlikehald av Kongevegen som inkluderer årleg skjøtsel (jfr. eigen skjøtselsplan) og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.*

Vi ber også om at det lagt til eit nytt punkt i § 6, med følgjande tekst. *Naudsynt motorferdsel tilpassa vegens tilstand knytt til årleg skjøtsel – eksempelvis ATV m/beitepussar jfr. § 4 g.*

Transportforvaltning vest 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Norsk vegmuseum, Hunderfossvegen 757, 2625 FÅBERG

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 16.11.2023

Vår ref.: 202315261-4 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Uttalelse på varsel om oppstart Galdane - Lærdal kommune

Vi viser til melding om oppstart av verneprosess for Galdane i Lærdal kommune.

NVE har sett gjennom meldingen for det foreslalte verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

- Det foreslalte verneområdet grenser til et regulert vassdrag. Vannet brukes til Stuvane kraftverk eid av Okken kraft AS. Bestemmelser om rydding i forbindelse med flomsikring er standard i konsesjonsvilkår. NVE ber om å inkludere bestemmelser for rydding i verneforskriften. Som et eksempel på hvordan slike bestemmelser kan ivaretas viser vi til §4j, 6h og 7r,t i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune
<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793>
- I tillegg **ber vi statsforvalter om å ta kontakt med Okken Kraft og orientere om verneforslaget slik at de har mulighet å uttale seg. Vi ber Okken Kraft å uttale selv i tilfeller uten konflikt.**
- Det finnes nettanlegg sør for det foreslalte verneområdet. Vi gjør oppmerksom på at SYGNIR AS har områdekonsesjon i de foreslalte verneområdene. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett.
- Det er viktig at områdekonsesjonær vurderer om verneforslaget kommer i konflikt med deres eksisterende og fremtidige planer. **Vi ber Sygnir å uttale seg, selv i tilfeller uten konflikt.**

NVE ber om at SYGNIR AS og Okken Kraft blir inkludert i adresselisten.

Nettanlegg

Ved det foreslalte verneområdet Galdane er det nettanlegg i området eid av Sygnir AS. NVE er positive til at nesten alle standardbestemmelser for nettanlegg er inkludert i verneforskriften for dette området, slik at drift, vedlikehold og oppgradering kan gjennomføres. Det mangler en dispensasjonsbestemmelse i § 7 som åpner for oppgradering og fornyelse av kraftledninger som ikke faller inn under § 4. Vi ber om å ta den inn i forskriften.

Vi ber om at Sygnir AS uttaler seg om fremtidige prosjekter i dette området.



Konflikt med eksisterende vannkraftverk

Innenfor området er det et regulert vassdrag hvor vannet brukes til Stuvane kraftverk eid av Okken kraft AS. Vernet er foreslått ned til vannkanten og det vil derfor være behov for å rydde vannkanten i forbindelse med flomsikring. Bestemmelser om rydding i forbindelse med flomsikring er standard i konsesjonsvilkår. NVE ber om å inkludere bestemmelser for rydding i verneforskriften. Som et eksempel på hvordan slike bestemmelser kan ivaretas viser vi til §4j, 6h og 7r,t i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793>

Vi ber statsforvalter å sende høringsdokumentet til Okken kraft.

Med hilsen

Alexander Tropé Stenhagen
Konsulent

Godkjent av Ann Myhrer Østenby
Seksjonssjef

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakerliste:

OKKEN KRAFT AS
SYGNIR AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 16.11.2023

Vår ref.: 202315261-4 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Uttalelse på varsel om oppstart Galdane - Lærdal kommune

Vi viser til melding om oppstart av verneprosess for Galdane i Lærdal kommune.

NVE har sett gjennom meldingen for det foreslalte verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

- Det foreslalte verneområdet grenser til et regulert vassdrag. Vannet brukes til Stuvane kraftverk eid av Okken kraft AS. Bestemmelser om rydding i forbindelse med flomsikring er standard i konsesjonsvilkår. NVE ber om å inkludere bestemmelser for rydding i verneforskriften. Som et eksempel på hvordan slike bestemmelser kan ivaretas viser vi til §4j, 6h og 7r,t i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune
<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793>
- I tillegg **ber vi statsforvalter om å ta kontakt med Okken Kraft og orientere om verneforslaget slik at de har mulighet å uttale seg. Vi ber Okken Kraft å uttale selv i tilfeller uten konflikt.**
- Det finnes nettanlegg sør for det foreslalte verneområdet. Vi gjør oppmerksom på at SYGNIR AS har områdekonsesjon i de foreslalte verneområdene. NVE har ikke detaljert kjennskap til planer knyttet til distribusjonsnett.
- Det er viktig at områdekonsesjonær vurderer om verneforslaget kommer i konflikt med deres eksisterende og fremtidige planer. **Vi ber Sygnir å uttale seg, selv i tilfeller uten konflikt.**

NVE ber om at SYGNIR AS og Okken Kraft blir inkludert i adresselisten.

Nettanlegg

Ved det foreslalte verneområdet Galdane er det nettanlegg i området eid av Sygnir AS. NVE er positive til at nesten alle standardbestemmelser for nettanlegg er inkludert i verneforskriften for dette området, slik at drift, vedlikehold og oppgradering kan gjennomføres. Det mangler en dispensasjonsbestemmelse i § 7 som åpner for oppgradering og fornyelse av kraftledninger som ikke faller inn under § 4. Vi ber om å ta den inn i forskriften.

Vi ber om at Sygnir AS uttaler seg om fremtidige prosjekter i dette området.



Konflikt med eksisterende vannkraftverk

Innenfor området er det et regulert vassdrag hvor vannet brukes til Stuvane kraftverk eid av Okken kraft AS. Vernet er foreslått ned til vannkanten og det vil derfor være behov for å rydde vannkanten i forbindelse med flomsikring. Bestemmelser om rydding i forbindelse med flomsikring er standard i konsesjonsvilkår. NVE ber om å inkludere bestemmelser for rydding i verneforskriften. Som et eksempel på hvordan slike bestemmelser kan ivaretas viser vi til §4j, 6h og 7r,t i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793>

Vi ber statsforvalter å sende høringsdokumentet til Okken kraft.

Med hilsen

Alexander Tropé Stenhagen
Konsulent

Godkjent av Ann Myhrer Østenby
Seksjonssjef

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakerliste:

OKKEN KRAFT AS
SYGNIR AS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 05.01.2024

Vår ref.: 202315261-7 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Uttalelse på høring om frivillig skogvern for Galdane - Helleren

Vi viser til melding om oppstart av verneprosess for Galdane i Lærdal kommune.

NVE har sett gjennom meldingen for det foreslårte verneområdet med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

- Det foreslårte verneområdet grenser til et regulert vassdrag. Vannet brukes til Stuvane kraftverk eid av Okken kraft AS. Vernet er foreslått ned til vannkanten og det vil derfor være behov for å rydde vannkanten i forbindelse med flomsikring. Bestemmelser om rydding i forbindelse med flomsikring er standard i konsesjonsvilkår. **NVE ber om å inkludere bestemmelser for rydding i verneforskriften.** Som et eksempel på hvordan slike bestemmelser kan ivaretas viser vi til §4j, 6h og 7r,t i forskrift om vern av Dokkajuvet naturreservat, Nordre Land kommune <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2021-03-19-793>

I tillegg **ber vi statsforvalter om å ta kontakt med Okken Kraft for å sikre at vern ikke hindrer reguleringen.**

- Vi gjør oppmerksom på at SYGNIR AS har områdekonsesjon og har kommentert vårt forrige svar følgende: «*Sygnir har ikke nettanlegg i område. Det er ikke planar for nye nettanlegg i det planlagde verneområde.*» Dermed kan våre tidligere innspill om nettanlegg og nødvendige forskrifter ses bort fra.

Med hilsen

Alexander Tropé Stenhagen
Konsulent

Godkjent av Maria Sidelnikova
Seniorrådgiver

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakerliste:

Energidepartementet

OKKEN KRAFT AS

SYGNIR AS

Statsforvaltaren i Vestland

Maria Knagenhjelm

Dykkar ref.
2022/16759

Vår ref.
20/41-75/KES

Dato
09.01.2024

Lærdal kommune – val av namn på eit naturreservat

Me syner til eit brev som Maria Knagenhjelm hjå Statsforvaltaren i Vestland skreiv til Språkrådet og til andre høyringspartar 12. desember i fjar.

Då denne saka var til høyring i fjar haust, tilrådde me at namnet på den garden der verneområdet ligg, gardsnamnet *Nedre Øygarden*, vart lagt til grunn for namnet på naturreservatet.

I det nye høyringsdokumentet som vart sendt ut i desember, står det slik om dette: «Namnet Nedre Øygarden er namnet på garden til grunneigar som har tilbydd skogen sin til vern. Vi vurderer at garden også ligg fysisk noko åtskilt frå vårt verneforslag. I dialog med grunneigar og med Lærdal historielag, i tillegg til vår lokalkunnskap ønskjer vi ikkje å nytte namnet Nedre Øygarden naturreservat, då det ikkje er eit namn folk vil forbinde med området.» Statsforvaltaren kjem no med eit alternativ som går ut på å leggja eigedomsnamnet *Helleren* til grunn for namnet på verneområdet. Om dette står det: «Helleren, eller Glorhelleren, er ein gamal husmannsplass vest i det føreslegne verneområdet. Det er sett opp informasjonstavler ved Glorhelleren for å gje dei passerande informasjon om husmannsplassen, slik det er sett opp informasjonstavler på andre interessepunkt langs Kongevegen. Sidan namnet Glorhelleren ikkje er registrert i SSR og heller ikkje er å finne på offisielle kart, vil vi foreslå Helleren, og ønskjer tilbakemeldingar om dette namnet i høyringa.»

Den usamansette namneforma, *Helleren*, er registrert på nettsida Fylkesatlas. Namnet er ført opp med /"hædler*n/ som nedarva munnleg form, og det står at namnet gjeld ein «[g]amat bustad». (Namneforma *Glorhelleren* er ikkje nemnt på nettsida.) Me skjønar det slik at det ikkje finst andre kjende busetnadsnamn innanfor grensene til verneområdet. Difor verkar det tilrådeleg å la området få namn etter det gamle plassnamnet. Områdenamnet bør skrivast **Helleren naturreservat**. I SSR er skrivemåten *Helleren* registrert som eineform.



Postadresse

Postboks 1573 Vika
NO-0118 Oslo

Besøksadresse

Observatoriegata 1 B
NO-0254 Oslo

Sentralbord

+47 22 54 19 50

E-post

post@sprakradet.no
Internett
www.sprakradet.no

Organisasjonsnummer

971 527 404

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
avdelingsdirektør

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:
Statsforvaltaren i Vestland

Kopi til:
Statens kartverk



Statens vegvesen

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Kurt Kåre Skagen / 57655796

Vår referanse:
23/185329-4

Dykkar referanse:
2022/16759

Vår dato:
10.01.2024

Uttale – Høyring av frivillig skogvern for Helleren (Galdane) naturreservat i Lærdal

Vi viser til brev datert 12.12.23.

Framlegget til forskrift om vern av Helleren naturreservat har teke opp i seg dei merknadane vi hadde ved oppstart av verneprosessen. Dette sikrar at Kongevegen gjennom verneområdet kan bevarast i samsvar med føremålet for fredinga av vegen.

Vi har ikkje nye merknader.

Transportforvaltning vest 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus, Njøsaveien 2
6863 LEIKANGER

Deres ref

Vår ref

Dato

23/6199-3

30. januar 2024

Frivillig skogvern for Helleren (Galdane) naturreservat - Høring

Viser til høring datert 6. desember 2023.

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gjør oppmerksom på følgende regelverksarbeid som kan påvirke oppfølgingen av denne høringen:

Kommunal- og distriktsdepartementet har ledet et arbeid med å gå gjennom regelverket innenfor alle sektorer i staten, med mål om at oppgavene til kommunene og fylkeskommunene skal framgå direkte av lover eller forskrifter, og ikke av delegeringsvedtak, tildelingsbrev, rundskriv e.l., i tråd med kommuneloven § 2-1. Formålet har vært å sikre at oppgavetildelingene er klare, forutsigbare og tilgjengelige for kommunene og innbyggerne, at det gjennomføres utredninger og høringer av framtidige endringer i oppgavetildelingene, og at kommunene og fylkeskommunene ikke delegeres oppgaver og instrueres som om de var en del av statsforvaltningen.

På bakgrunn av denne gjennomgangen sendte Kommunal- og distriktsdepartementet i perioden 12. juni–12. oktober 2023 på høring forslag til endringer i forurensningsloven, naturmangfoldloven, friluftsloven, lakse- og innlandsfiskloven, vegtraffikkloven, veglova, konsesjonsloven, skogbrukslova, jordlova, vannressursloven og pengespilloven.

Høringsnotatet ble utarbeidet i samarbeid med Klima- og miljødepartementet, Samferdselsdepartementet, Energidepartementet (daværende Olje- og Energidepartementet), Landbruks- og matdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet. KDD arbeider nå sammen med disse departementene med å følge opp høringen.

Naturmangfoldloven og områdevern er omtalt i det nevnte høringsnotatet punkt 3.2.2. Delegering av forvaltningsmyndighet for verneområder til kommunene gjøres i dag med

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Avdeling for styring og
organisasjon

Saksbehandler
Anny Skarstein
22 24 49 12

hjemmel i naturmangfoldloven § 62 andre ledd første punktum. I høringsnotatet viser Klima- og miljødepartementet til at forvaltningsmyndigheten for verneområder blir utpekt i eller i medhold av det enkelte vedtak om fastsetting av verneforskrift. For eksisterende verneområder der kommunen er forvaltningsmyndighet, er dette hovedsakelig løst ved at det i den enkelte verneforskrift er fastslått at Miljødirektoratet har adgang til å fastsette hvem som skal være forvaltningsmyndighet for det aktuelle verneområdet, og et tilhørende delegeringsvedtak fra direktoratet.

På bakgrunn av formålet med særlovsgjennomgangen vurderte Klima- og miljødepartementet det som nødvendig å foreslå justeringer av naturmangfoldloven § 62 andre ledd første punktum, slik at det framgår direkte av ordlyden at myndigheten skal tildeles i forskrift, jf. høringsnotatet side 20. En konsekvens av den foreslalte endringen vil være at kommunene ikke lenger kan delegeres forvaltningsansvar slik som i dag. Videre åpner en foreslatt endring i naturmangfoldloven § 34 for at andre enn Kongen kan tildele kommunene forvaltningsansvar gjennom endring av den enkelte verneforskrift, jf. høringsnotatet side 21.

Det framgår videre av høringsnotatet side 21 at Klima- og miljødepartementet vurderer det som hensiktsmessig at fastsetting av forvaltningsmyndighet for verneområder framover, så langt råd er, skjer i forbindelse med verneprosessene. Hvem som skal være forvaltningsmyndighet vil da kunne framgå både av endelig vedtatt verneforskrift og av høringsforslag til denne. Den vedtatte verneforskriften bør likevel fortsatt gi Miljødirektoratet myndighet til å tildele kommunen myndighet gjennom endring av verneforskriften eller til å delegere myndigheten etter forskriften til et annet organ senere.

Når særlovsgjennomgangen er gjennomført, vil målet om at kommuner og fylkeskommuners oppgaver skal fremgå direkte av lov og forskrift i all hovedsak være oppnådd. For fremtidig regelverk vil dette måtte følges opp ved at statsforvaltningen fortsetter med å tildele oppgavene i lov og forskrift, og ikke gjennom ulike former for delegeringsvedtak.

Av forslag til verneforskrift for Helleren naturreservat, følger det av § 11 om forvaltningsmyndighet at «Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvalningsstyremakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan deleger styremakta til kommunar som samtykker til det..» Kommunal- og disritktsdepartementet mener at forslag til verneforskrift bør oppdateres i tråd med det som framgår av høringsnotatet for særlovsgjennomgangen, og at det før verneforskriftene ev. fastsettes, så langt det er mulig, bør avklares om den aktuelle kommunen for verneområdene skal være forvaltningsmyndighet, slik at dette kan framgå av den nye verneforskriften.

Med hilsen

Finn Jensen (e.f.)
avdelingsdirektør

Anny Skarstein
utredningsleder

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signature



Felles Landbrukskontor ÅLA

Lærdal, 08.02.2024

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

,

Vår ref.
23/941-5

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Magnhild Aspevik, 57 64 12 00

Arkiv
K2-V70

Helleren naturreservat - frivillig skogvern - uttale frå Lærdal kommune

Syner til skriv av 12.12.2023, angåande frivillig skogvern for Helleren naturreservat i Lærdal.

Formannskapet i Lærdal kommune sin uttale i samband med høyringa, ligg ved.

Med helsing

Magnhild Aspevik
landbruksjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Dok.dat
08.02.2024

Tittel
Framlegg til Helleren
naturreservat – uttale frå
Lærdal kommune

Dok.ID
229237



Lærdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
004/24	Formannskapet	01.02.2024

Sakshandsamar:	Magnhild Aspevik	Arkiv:	K2-V70	Arkivsaksnr.:	23/941 - 4
----------------	------------------	--------	--------	---------------	------------

Framlegg til Helleren naturreservat – uttale frå Lærdal kommune

Kort samandrag:

Lærdal kommune har fått framlegg til frivillig skogvern og oppretting av Helleren naturreservat i Lærdal kommune på høyring. Lærdal kommune er positive til verneframlegget.

Kommunedirektören si tilråding:

Lærdal kommune er positive til opprettinga av Helleren Naturreservat i Lærdal kommune, med fylgjande tillegg i verneforskrifta: Stien til Skori må spesielt nemnast, og det må komma tydeleg fram kva som er meint med Kongevegen, med til dømes kartreferanse.

01.02.2024 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektören vart samrøystes vedteken.

FS - 004/24 Vedtak

Lærdal kommune er positive til opprettinga av Helleren Naturreservat i Lærdal kommune, med fylgjande tillegg i verneforskrifta: Stien til Skori må spesielt nemnast, og det må komma tydeleg fram kva som er meint med Kongevegen, med til dømes kartreferanse.

Vedlegg:

Høyring av frivillig skogvern for Helleren (Galdane) naturreservat i Lærdal

Kart til høyringa, Helleren (Galdane), Lærdal

Framlegg til verneforskrift - Helleren (Galdane) naturreservat, Lærdal

Aktuelle lover:

Naturmangfaldloven

Saksutgreiing:

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke, sender Statsforvalteren i Vestland ut framlegg til frivillig skogvern av Helleren i Lærdal kommune på høyring.

Verneframlegget for Helleren naturreservat er ein del av strategien nedfelt i St.meld. 14 (2015-2016), om frivillig skogvern. Det er eit mål at 10% av skogarealet i Noreg skal vera verna. Pr januar 2023 var om lag 5,2 prosent skogareal verna. I Vestland er det i overkant 3 prosent skogvern.

Frivillig vern av Helleren i Lærdal, inneber at skogeigar tilbyr staten vern av eigen skog mot ein økonomisk kompensasjon.

Arealet som no vert vurdert verna ligg på ein grunneigedom, gnr 48 bnr 1, og utgjer 833 daa. Område ligg i ei sør vendt li i sør boreal vegetasjonssone. Område er svært variert både med omsyn til vegetasjon og skogtypar. Skogen er for det meste rik edellauvskog, og inneholder rasmarker og sør vendte berg, rik på mosar og lavartar. Det er registrert 16 raudlisteartar i området. Statsforvalteren vurderar området som svært verneverdig.

Føremålet med vernet er, jf. §1 i framlegg til verneforskrift fylgjande; «Føremålet med forskrifa er å ta vare på eit område med rik edellauvskog og andre skogtypar langs Lærdalselvi, stadvis med eit bekkekloftprega artsutval, og med generelt høg verdi for biologisk mangfald. Området ligg i ei sør vendt liside og husar ein rik mosaikk av berg og ulike treslag som gir livsgrunnlag for truga og sjeldne artar i indre dalstrøk av Vestlandet.»

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde Kongevegen, fiskeplassar langs Lærdalselvi og eksisterande turstiar ved like.

I samband med oppstart av skogvernet, har Lærdal kommune gjeve ein administrativ uttale. Her heiter det mellom anna fylgjande: «*Lærdal kommune er positive til oppstart av*

verneprosess for Galdane Naturreservat. I samband med verneprosessen, er det viktig å få kartlagt følger det planlagde vernet får for dei ulike interessene i området.»

Vurdering

Lærdal kommune stiller seg positive til oppstart av verneprosessen for Galdane naturreservat. Namnet er no endra til Helleren, noko som Lærdal kommune er samd i.

Kommunen skriv i sitt oppstartsinnspel, at det i samband med verneprosessen, er viktig å få kartlagt kva følger det planlagde verneområde får for dei ulike interessene i området.

Kommunedirektøren meinar det er bra oversikt over kva konsekvensane ei eventuell freding får for dette område. I framlegg til verneforskrift vert det teke høgde for det meste av aktivitet som er aktuell i dag. Område omfattar ein grunneigedom og med det ein eigar. Dette er frivillig skogvern, og det då opp til grunneigaren kva som vert avtalt. Kommunen ser at husmannsplassen Skori, ikkje er med i verneområde, Det vert oppfordra til å vurdera å ta med Skori. Sjølv om Skori ikkje vert med i verneområde, må stien til Skori spesielt omtala i verneforskrifta, til dømes i §4 bokstav j.

I framlegg til forskrift, er det og teke høgde for at kongevegen er ein viktig turveg, både for lokalbefolkinga og tilreisande. Dette er positivt. Kommunedirektøren meinar det bør komma meir tydeleg fram kva som er meint med Kongevegen i framlegg til forskrift. Til dømes med kartreferanse.

I tråd med §10 i framlegg til forskrift, skal det utarbeidast forvaltningsplan. For å få ein god forvaltningsplan, meinar kommunedirektøren det er svært viktig å etablera eit godt samarbeid mellom ulike interesser i område, som til dømes grunneigar, turlag, historielag, Statens vegvesen og Lærdal kommune.

Arealet som er omfatta av framlegg til vern, har ikkje skog som er økonomisk drivverdig. Skal Noreg få realisert målsetjinga med at 10 % av skogen skal vernast, er dette eit område som skogbruksfagleg kan vernast for å spare andre område som er økonomisk drivverdig.

Kommunedirektøren meinar at Lærdal kommune stiller seg positiv til verneframlegget, med dei vurderingar som kjem fram i sakspapir.